

Oppstartsmelding kommuneplans samfunnsdel – landbruksfagleg merknad

X er ein viktig landbrukskommune som har (x) gardsbruk i aktiv drift og har areal som består av både dyrka- og dyrkbar jord (antal dekar), samt beitemark som også er ein viktig ressurs til jordbruksdrifta. Landbruket og kommunens haldning til landbruk bør vere eit viktig tema i kommuneplanens samfunnsdel. Dette både fordi landbruksnæringa er viktig for sysselsetjinga og busetting, men ikkje minst fordi eit aktivt landbruk er vesentleg for å oppretthalde kulturlandskapet, det biologiske mangfaldet og evna til matproduksjon. Kommunen må i planarbeidet leggje til rette for at landbruksnæringa har gode og langsiktige rammevilkår slik at vi når den nasjonale målsettinga om auka matproduksjon i takt med folketalsauka. I regjeringserklæringa halde i Stortinget 30. januar 2018, sa Statsminister Solberg at «Regjeringa vil føre ein politikk som støtter opp om FN's bærekraftsmål». Eitt av FN's 17 bærekraftsmål går blant anna ut på å utrydde svolt og oppnå mattryggleik, noko som sett krav til at vi reduserer tapet av jordbruksareal i Norge og produserer mat på den jorda vi har.

Norge har lite jordbruksareal pr. innbyggjar samanlikna med mange andre land. For å sikre matproduksjonen er det dermed viktig med eit sterkt jordvern. Vi vil gjerne vise til Stortingsmelding nr. 9 (2011 – 2012) *Landbruks- og matpolitikken – Velkommen til bords*, og Stortingsmelding 11 (2016 – 2017) *Endring og utvikling – en fremtidsrettet jordbruksproduksjon*, samt veiledar «Garden som ressurs» for meir informasjon. Heimesida til Fylkesmannen i Møre og Romsdal under «Jordvern» kan også vere nyttig <https://www.fylkesmannen.no/More-og-Romsdal/Landbruk-og-mat/Jordvern/>.

Nedbygging av jordbruksareal er langt på veg ein irreversibel prosess, og ei stor utfordring både internasjonalt, nasjonalt og lokalt. 8. desember 2015 vedtok Stortinget ein ny *nasjonal jordvernstrategi* med målsetting om det ikke skal omdisponerast meir enn 4000 daa med matjord i året, dette som eit ledd for å auke sjølvforsyningsgraden i Norge og som eit beredskapstiltak. Fylkestinget i Møre og Romsdal vedtok den 13.6.2017 *Landbruksmeldinga for Møre og Romsdal 2017-2021* der det står at Møre og Romsdal som minstemål må ta sin relative del av dette, og ha som ambisjon å halde omdisponert areal dyrkamark under 200 dekar i året. Med dyrka mark meiner ein fulldyrka jord, overflatedyrka jord og innmarksbeite.

Kommunane er den viktigaste jordvernmyndigheita. Plan- og bygningslova og jordlova, med til dømes § 8 om driveplikt, er verktøy som kommunen kan bruke for å nå målet om redusert tap av matjord og legge til rette for langsiktige og føreseielege rammevilkår for landbruksnæringa. Vi rår til at landbruket blir såpass konkret behandla i samfunnsdelen at planprogrammet seier noko om behovet for utgreiingar. Nødvendige utgreiingar vil gi eit betre vedtaksgrunnlag i planprosessen. Dette omfattar eventuelle jordvernutfordringar, landbruket sine langsiktige behov for produksjonsareal, om det ligg spesielt til rette for utvikling av nye næringar innanfor landbruket, miljøutfordringar, om det er spesielle satsingsområde osb. Behovet for omsynssoner kan også vurderast i samband med samfunnsdelen. Kommunen bør vidare i samfunnsplana ha konkrete mål og føringar for korleis ein vil bidra til å nå dei nasjonale og regionale målsettingane om auka matproduksjon og redusert tap av matjord, og leggje til rette for at næringa får gode rammer og vilkår for drift og utvikling.

Landbruksnæringa omhandlar både landbruk og skogbruk. Kommuneplana må legge til rette for skogbruksnæringa ved å ta omsyn til at uttak av virke og tømmer krev infrastruktur i form av skogsbilveggar og tømmertransport, og at grunneigarar har tilstrekkeleg areal til å kome seg uhindra til skogteigen.